

Norges vassdrags- og energidirektorat
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Norway

--- POSTADRESSE:
Statkraft Energi AS
Postboks 200 Lilleaker
0216 OSLO

BESØKSADRESSE:
Gaupnegrandane
6868 GAUPNE

--- TLF:
+47 24 06 70 00

FAX:
+47 24 06 70 01

--- INTERNETT:
www.statkraft.no

E-POST:
post@statkraft.com

--- Org.nr.: 987 059 729

DYKKAR REF./DATO:
/

VÅR REF.:
201100420-31

STAD/DATO:
Gaupne, 15.01.2021

SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ MANØVRERINGSREGLEMENTET TIL TROLLHEIM KRAFTVERK

Viser til manøvreringsreglementet til Trollheim kraftverk gitt i konsesjonen til Folla-Vindølavassdraga fastsett ved kgl. res. 21. desember 1962 og kgl. res. 1. juli 1966.

Trollheim kraftverk med tilhørende reguleringsområde ligg i Surnadal kommune i Møre og Romsdal, og Rinndal kommune i Trøndelag. Etter revurdering er det pålagt å utføre store utbetringar på Follsjødammen og Gråsjødammen. Dammane skal bl.a. plastrast på oppstraums side. Desse tiltaka er ikkje mogeleg å gjennomføre utan dispensasjon frå manøvreringsreglementet. For vidare detaljer rundt tiltaka på dammane viser vi til godkjent Teknisk plan og Detaljplan for landskap og miljø.

Gråsjø:

Gråsjø er planlagt tappa ned til nivå under LRV (ca. til kote 424) i samband med arbeida som er planlagt på oppstraums side. Kravet om oppstraums plastring er gitt i godkjent Teknisk plan av 10.12.2018 for Gråsjødammen. Arbeidsomfanget på oppstraums side har stor usikkerheit knytt til seg og det må derfor setjast av to sesongar for gjennomføring (1. sesong vinteren 2021-2022 og 2. sesong vinteren 2023-2024). Tidsperioden det søkjast om er:

- Sesong 1: Frå ca. 1.september 2021 - 15.mai 2022
- Sesong 2: Frå ca. 1.september 2023 – 15.mai 2024

Follsjø:

Follsjø er planlagt tappa ned til nivå under LRV (ca. til kote 362) i samband med arbeid på oppstraums side. Kravet om oppstraums plastring er gitt i godkjent Teknisk plan av 04.12.2018 for Follsjødammen. Oppstraums arbeider vert utført vinteren 2022-2023 og tidsperioden søkjast om er:

- Sesong 1: Frå ca. 1.september 2022 – 15.mai 2023.

For å få gjennomført tiltaka søker vi hermed om dispensasjon frå manøvreringsreglementet til å:

- **Tappe Gråsjø under LRV og ned til kote 424 i tidsperiodane 01.09.2021 – 15.05.2022 og 01.09.2023 – 15.05.2024**
- **Tappe Follsjø under LRV og ned til kote 362 i tidsperiodane 01.09.2022 – 15.05.2023**

Det vert søkt om relativt lange periodar. Magasina vil ikkje vere heilt nedtappa over heile desse periodane. Arbeid av denne type under slike vêrtilhøve som vinteren i fjellet kan gi medfører at ein må legge inn gode sikkerheitsmarginar. Periodane er sett for å skape fleksibilitet for å kunne gjennomføre arbeidet på ein trygg måte. Det er stor usikkerheit knytt til tilsig, vêrtilhøva og snømengdene ein får, så ein av utfordringane består i å i det heile klare å kome seg ned på eit tidspunkt. Det er derfor ikkje mogeleg å sikkert fastslå når ein vil ligge under, men perioden det skjer vil bli redusert til eit minimum av omsyn til miljøet.

Håpet er at arbeidet kan gå raskt og effektivt, og at tidsperioden med nedtappa magasin vert så kort som mogeleg. Magasina vil ikkje bli haldne nede lengre enn nødvendig av HMS omsyn og for sikker prosjektgjennomføring.

I perioden med nedtappa Follsjø vil vatnet bli slept forbi i bekkeinntaka til Rinna og Bulu og vatnet vil renne naturleg. I perioden med nedtappa Gråsjø vil bekkeinntaka i Vindøla stengjast og vatnet renne forbi.

Tiltaka vil mellombels ha negative konsekvensar for fisk, dyreliv og friluftsliv i området. For meir informasjon viser vi til Detaljplan for landskap og miljø for prosjektet.

Begge magasina er kunstig oppdemde elveleie som må tappast tilnærma tomme for at oppstraums plastring av dammane skal vere mogeleg. Dette vil ha uheldige konsekvensar for bl.a. fisken. Men området som vert berørt av senking under LRV er ein liten del av regulert elvestrekning og vil vera avgrensa av næraste naturlege terskel oppstrøms som sikrar vasstandar over LRV vidare oppover i elveleiet. Effekten av nedreguleringa under LRV er synleggjort i figur 1 og 2 i vedlegget. Grønt område viser areal ved LRV, og det blå arealet 1 meter over omsøkt kote.

Som avbøtande tiltak vil magasina bli tappa gradvis ned, og perioden ein er under LRV vil bli forsøkt redusert til eit minimum. Ein vil prioritere å sikre vatn til Surna i anleggsperioden av omsyn til laksestamma. Forbitapping av bekkeinntaka som nemnt over vil ha ein positiv effekt i desse sidevassdraga.

Med venleg helsing
for Statkraft Energi AS

Kåre Hønsi

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ingen signatur.